

# Aksjonæravtale

På bakgrunn av at Vest-Telemark Kraftlag (BA), som fylgje av lovendring, vil bli aksjeselskap frå den dato representantskapet bestemmer, har eigarane blitt samde om at denne aksjonæravtale skal gjelde i Vest-Telemark Kraftlag AS frå nemnde dato:

1 AKSJEDELING

Aksjane skal på tidspunktet for omdanning delast slik: Fyresdal kommune 19%, Kviteseid kommune 19%, Nissedal kommune 5%, Seljord kommune 19%, Tokke kommune 19% og Vinje kommune 19%.

2 AKSJAR

Berre norske primærkommunar kan eige aksjar i selskapet. Dette eigarskapet kan vera direkte eller gjennom selskap 100% eigd av norske primærkommunar. Alle nye eigarar må på førehand skriftleg ha akseptert dei vilkår og dei plikter som fylgjer av denne avtale. Seljar pliktar å sjå til at dette vert gjennomført.

3 STYRET

Aksjonærane skal ha representasjon i styret i høve til storleik, slik at kvar aksjonær/ gruppe av aksjonærer, har rett til å utpeike så mange styremedlemer med personlege varamedlemer, som ein får ved å multiplisere eigarandelen/gruppas eigarandel i % med 0,06. Produktet vert avrunda etter vanlege avrundingsreglar.

Dersom ikkje alle styremedlemene etter denne modellen blir utpeika, skal desse velgast med vanleg fleirtalsvedtak i generalforsamlinga.

Dersom modellen gjev for mange styremedlemer, skal likevel talet reduserast til 6 styremedlemer ved å sjå bort i frå styremedlem(er) frå den aksjonær/gruppe av aksjonærer som har størst fordel av avrundingsreglane.

Så lenge selskapet vert eigd i samsvar med pkt 1, skal likevel kvar aksjonær ha rett til å utpeike eit styremedlem kvar.

4 MISLEGHALD

Alle aksjonærer pliktar lojalt å yte den medverknad som er eller måtte bli nødvendig for gjennomføring av denne avtala. Dette gjeld også ved oppførsel og røysting i generalforsamlinga. Den som vesentleg mislegheld sine plikter kan løysast ut av dei andre aksjonærane. Løysingssummen skal setjast til aksjonærens relative andel av selskapets netto bokførte eigenkapital på det tidspunktet innløysingskravet vert sett fram.

5 ENDRING AV AVTALA

Denne avtala kan endrast dersom aksjonærer med minst 4/5 av aksjane krev det. Endringa kan likevel ikkje gjerast dersom den påfører mindretalet større ansvar eller plikter enn dei har på førehand. Med same fleirtal kan det også gjerast vedtak om at avtala skal falle bort.

6 VALDGIFT

Alle tvistar i høve denne avtale skal avgjerast ved valdgift etter Tvml. kap.32.

Stad/dato: Morgedal, 4.desember 2001

Fyresdal kommune:

*Saamund Gjermund*

Kviteseid kommune:

*Karin Maria Larsen*

Nissedal kommune:

*Pjotr Tveit*

Seljord kommune:

*Edvard Meland*

Tokke kommune:

*Trine Nygaard*

Vinje kommune:

*Bare Jørminger*